



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 03.10.2017
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 28/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 29/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 30/17	Klage på vedtak i sak vedr. konsesjonssak Aldalselva - ny handsaming		2016/97
PS 31/17	Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune		2015/131
PS 32/17	Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018		2016/37
PS 33/17	Referatsaker		
RS 14/17	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 15/17	Reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune - til gjennomgang og drøfting		2015/91
RS 16/17	Utdrag frå møteprotokoll kommunestyret 15.06.17		2015/133
RS 17/17	Finansrapportering pr. 2. tertial 2017		2016/38
RS 18/17	Økonomirapportering pr. august 2017		2016/38
RS 19/17	Budsjettstatus kontroll og tilsyn pr. 21.08.17		2016/37
RS 20/17	Prosjekt styring og prosjektmanual for Samnanger kommune		2016/48
PS 34/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/133
PS 35/17	Eventuelt		

PS 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 29/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2016/97-45
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	30/17	03.10.2017

Klage på vedtak i sak vedr. konsesjon for Aldalselva - ny handsaming

Bakgrunn

I juni 2016 mottok kontrollutvalet ei henvending frå grunneigarane i Aldalselva kraftverk, der ein bad om å «granske feilene begått av Samnanger kommune ved behandlingen av anken av NVE's konsesjonsvedtak til Aldalselva kraftverk». Kontrollutvalet drøfta saka på sine møter hausten 2016, og 14.11.16 er følgjande ført i møteprotokollen:

«PS 42/16 Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak – ny handsaming

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet – 14.11.2016

Handsaming i møtet:

Utvalseiar gjekk gjennom saka og trekte fram dei moment som kontrollutvalet bør vurdere å få ein gjennomgang på. Det er særleg to spørsmål som bør få ein gjennomgang og utgreiast:

- *Er regelverket for habilitet følgt ?*
- *Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt ?*

Konklusjon etter drøfting vart at kontrollutvalet vil be Deloitte gjennomgå saka og leggja fram eit notat etter sin vurdering av spørsmålstillingane som er reist. Notatet med rapport etter gjennomgangen av saka skal leggest fram for kontrollutvalet i første møte i 2017, og så sendast vidare til kommunestyret.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte legg fram ei prosjektskildding for dette arbeidet som skisserer dei spørsmålstillingane dei skal sjå på, og ramme for ressursbruk til arbeidet. Prosjektskildding skal sendast til sekretariatet, og kontrollutvalet gjev fullmakt til utvalseiar i samråd med sekretariat til å godkjenna prosjektskilddinga. Før godkjenning skal den sendast ut til alle kontrollutvalsmedlemene for evt. uttale. Kostnadane med prosjektet skal dekkast av resterande midlar på 2016-budsjettet for arbeid i 2016, og arbeid i 2017 vert å dekkja på 2017-budsjett.

Vedtak som vart fatta i saka var samrøystes.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomgår sak om «Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak», ut frå dei spørsmålstillingar som er reist av kontrollutvalet.*
2. *Deloitte vert beden om å utarbeida ei prosjektskildring som viser spørsmålstillingane som skal gjennomgåast og ressursbruk til arbeidet. Rapport etter arbeidet skal leggjast fram for kontrollutvalet i første møte i 2017.*
3. *Utvallsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenne prosjektplan.»*

Deloitte gjennomgjekk saka og la fram rapport etter gjennomgangen. Rapporten vart ikkje ferdig til første møte i 2017, men vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 02.05.17. Deloitte hadde fått slike spørsmålstillingar dei skulle sjå på saka ut i frå:

«1. Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?

- a) *Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?*
- b) *Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?*

2. Er regelverket for habilitet følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?

- a) *Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgt i samband med denne saka?*
- b) *Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?*
- c) *Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?»*

Etter kontrollutvalet sin gjennomgang av rapporten og drøfting av saka vart det gjort slik innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurderer om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.

I kommunestyremøte 11.05.17 vart kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

01.06 2017 kom det inn klage på vedtaket i kommunestyret frå grunneigarane i Aldalselva kraftverk. Klagen er sendt til Samnanger kommune, med kopi til kontrollutvalet. Fungerande rådmann har sendt klagen til kontrollutvalet med spørsmålstilling om det ikkje er kontrollutvalet som skal svara på klagen, sidan det er kontrollutvalet som har handsama saka og gjeve innstilling til kommunestyret. Administrasjonen peikar vidare på at klagerett i forvaltningssaker berre gjeld for enkeltvedtak. Det er såleis opp til kontrollutvalet om ein vil ta opp saka til ny handsaming eller ikkje.

Drøfting

Brev med klage på vedtaket frå grunneigarane i Aldalselva kraftverk ligg ved denne saka som vedlegg. Alle vedlegga som er lagt ved klagen vert for omfattande å legge ved saka, men alle vedlegg vil bli lagt fram i møtet og gjennomgått som grunnlag for drøfting.

I klagen er det særleg peika på at habilitetsvurderinga i saka er gjort med fokus mot feil personar. Det er særleg 2 av kommunestyrepreressantane som burde vore vurdert habilitet for. Dette spørsmålet var truleg ikkje klart nok formulert for Deloitte i kontrollutvalet si bestilling, og habilitetsspørsmålet kan såleis sjå ut til å ikkje vera godt nok utgreidd i rapporten etter gjennomgangen av saka.

Dersom kontrollutvalet vel å ta opp saka til ny handsaming meiner sekretariatet at det er habilitetsspørsmålet ein bør sjå på på nytt.

Konklusjon

Saka vert med dette lagt fram på nytt for kontrollutvalet. Utvalet må drøfte om ein skal ta saka opp på nytt. Om ein går inn for ny handsaming er det særleg habilitetsspørsmålet ein bør sjå på på nytt.

Dersom utvalet vel å ta saka opp til ny handsaming bør ein be Deloitte ta ein ny gjennomgang. Kontrollutvalet bør då gje tydelege signal på kva spørsmålstillingar ein ny gjennomgang skal gje svar på.

Sekretariatet vel å legge fram saka utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Samnanger Kommunestyre
Tyssevegen
5650 Tysse

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland

Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk
John Haukenes
Haukanesvegen 125
5652 Årland

01.06.2017

SOM PART I SAKEN, KLAGER VI HERVED PÅ VEDTAK OG SAKSBEHANDLING I SAMNANGER KOMMUNESTYRES SAK NR.015/2017; VURDERING AV HANDSAMING AV KONSESJONSSAK I SAMNANGER KOMMUNE.

Vi vil starte klagen med å si at grunneierne i Aldalselva kraftverk er takknemlige for at kontrollutvalget i Samnanger kommune påtok seg oppgaven og hyrte inn revisjonsfirmaet Deloitte, til å granske saksbehandlingen og habilitetsproblematikken som konsesjonssaken til Aldalselva kraftverk har vært beheftet med.

Oppgavene Deloitte fikk fra Kontrollutvalget var konkrete og tydelig formulert;

1. Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon fulgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?

a) Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?

b) Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?

2. Er regelverket for habilitet fulgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?

a) Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte fulgt i samband med denne saka?

b) Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?

c) Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?

Vi er overrasket over hvor overfladisk Deloitte har undersøkt saken. Ved manglende gjennomgang av møteinnkallinger, saksdokument, møteprotokoll og eierinteresser til folkevalgte som har deltatt i saksbehandlingen. Noe som har medført at granskningen endte opp med mange ubesvarte spørsmål og uriktige konklusjoner.

Den alvorligste konsekvensen av notatet til Deloitte er at de plasserer brudd av habilitetsregler i saksbehandlingen på feil personer. Olaug Karin Øystese, Karl Bård Kollbotn og Roger Gjerde Urås som Deloitte viser til som inhabile i kommunestyremøtet 29.09.2016, kan også ha vært inhabile i kommunestyremøtet 21.05.2016 ifg Deloitte.

(Ref. sitat fra Deloitte notat, revisjonen sine vurderinger. All teks i kursiv er kopi fra notatet til Deloitte)

Undersøkinga viser at det blei meldt om mogleg inhabilitet og gjennomført habilitetsvurderingar i samband med kommunestyret si handsaming av konsesjonssaka i møte 29.9.2016, men ikkje i møtet 12.5.2016. Det at tre representantar blei vurdert å ikkje vere habile til å delta i handsaming av konsesjonssaka i september 2016, kan indikere at dei same kommunestyrerepresentantane også kan ha vore inhabile i samband med kommunestyret sitt vedtak 12 mai same år. Gitt at ikkje forhold som førte til inhabilitet i september 2016 har oppstått i tidsrommet etter kommunestyremøtet 12. mai, burde spørsmål om inhabilitet ha blitt tatt opp og vurdert for dei tre representantane også i kommunestyremøtet i mai 2016.

Møteprotokoll fra kommunestyremøtet 12.05.2016 viser at Karl Bård Kollbotn og Roger Gjerde Urås som Deloitte utpeker som inhabile, ikke var til stede i dette møtet. Konsesjonen til Aldalselva kraftverk var ikke oppe som en sak i møtet, kun som en orientering fra ordfører til kommunestyret. Det ble ikke holdt noen avstemming eller mulighet for å erklære seg inhabil i dette møte. Opptak fra møtet som ligger på [YouTube](#), viser at Olaug Karin Øystese uttaler seg kun i generelle vendinger om behandling av konsesjoner. Hun sier også klart fra på talerstolen at hun ikke kan stemme eller uttale seg i saken, pga inhabilitet og antydte at det også gjaldt flere i salen.

Deloitte har altså prestert å peke ut 3 uskyldige kommunestyrerepresentanter som de skyldige, i brudd på habilitetsregelverket i denne saken.

Øyvind Røen og Arild Røen som har stått for brudd på habilitetsreglene, går fri i granskningen pga Deloitte sitt overfladiske arbeid med saken. Øyvind Røen har styrt hele utviklingen i denne saken i Samnanger kommune og forfattet høringsuttalelsen som ble sendt fra kommunen i 2012. Se [YouTube](#) link fra kommunestyremøtet 12.05.2016 hvor Øyvind Røen poengterer dette faktumet for å vinne debatten om hva som var skrevet i høringsuttalelsen til Samnanger kommune.

Revisjonen får vidare opplyst at kommunen ikkje har formulert ei rutine som omtaler kor politikarar kan vende seg for å få drøfta eller få hjelp til å få avklara eigen habilitet om dei skulle vere i tvil om denne. Ordførar peikar på at det ofte kunne ha blitt gjennomført eit betre vurderingsarbeid i forkant av dei politiske møta når det gjeld habilitetsvurderingar. Han peikar på at det kan vere komplisert å handtere habilitetsvurderingar på bakgrunn av benkeforslag sett fram i møte og meiner at det kanskje ikkje har vore nok fokus på å melde inn moglege tilfelle av inhabilitet i forkant av møta. Ordfører peikar samtidig på at det har vore fleire døme på at inhabilitetsspørsmål har blitt meldt inn før politiske møte, og at administrasjonen i uklare tilfelle då har undersøkt med juridisk ekspertise korleis sakene skal vurderast. Ordfører meiner at dette er ein praksis som fungerer godt. Tidlegare rådmann meiner det er sjeldan at administrasjonen i kommunen har fått slike førespurnader frå politikarane.

Habilitetsvurderingar i saka om Aldalselva kraftverk

Når det gjeld kommunestyret si handsaming av anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk, meiner ordførar at regelverket for habilitet, inkludert kommunen sine egne reglar, har blitt følgt når habilitet har blitt vurdert. Han understrekar samtidig at rutinane knytt til vurdering av habilitet bør bli betre i kommunen. Ordførar opplyser at det ikkje er funne døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka (Aldalselva kraftverk) ikkje var habile til å handsame saka.

Grunneierne i Aldalselva kraftverk sendte e-post til administrasjonen i Samnanger kommune i forkant av [formannskapsmøte 01.09.2016](#), med dokumentasjon som viser at Øyvind Røen,

Arild Røen med flere, er inhabile i saken. Når Øyvind Røen og Aril Røen for første gang i saken blir utsatt for en habilitetsvurdering, unnlater begge å opplyse formannskapet om sine eierinteresser og konfliktforhold ved Fitjavatnet. De ble så stemt habile på tross av at formannskapet og administrasjonen hadde fått dokumentasjon på det motsatte, se vedlagt møteprotokoll og utskrift av e-post og dokumentasjon sendt til Samnanger kommune 28.08.2016. Denne e-posten er også beskrevet og vedlagt i saksfremlegget for denne saken (PS-42/16) i møteinnkallingen til kontrollutvalgsmøtet den 14.11.2016.

Habilitetsvurderingene fra formannskapsmøtet 01.09.2016 for Øyvind Røen og Arild Røen blir videreført til kommunestyremøtet 29.09.2017, uten ny habilitetsvurdering av dem i dette møtet. Ordføreren og saksbehandler fra administrasjonen som deltar i møtet, blir heller ikke habilitetsvurdert. Dette medfører at brudd på habilitetsreglene og saksbehandlingsfeilene forsetter, og Øyvind Røen ender opp med å forfatte klagevedtaket til NVE denne gangen også, se [YouTube](#) link fra kommunestyremøte 29.09.2016.

Deloitte har ikke fulgt tidslinjen og leser ikke alle saksdokumentene som er fremlagt til dem av kontrollutvalget, derfor bommer de på tidspunktet for innmeldt inhabilitet i saken. De sjekker ikke dokumentasjonen på inhabilitet, så de peker ut 3 uskyldige mens de skyldige går fri. De intervjuer kun Ordføreren og tidligere Rådmann, så redegjørelsen for hva som har foregått under saksbehandlingen blir mildt sagt ubalansert.

Vi mener at den overfladiske granskningen som resulterer i feilkonklusjonene til Deloitte, er så alvorlige at granskningen må gjenopptas.

Sannheten må legges frem for kommunestyret, så de kan rette opp i feilene de har begått ovenfor grunneierne i Aldalselva kraftverk og de 3 uskyldige kommunestyre representantene.

Saksbehandlingen i Samnanger kommune har allerede påført oss tap/ekstra utgifter på flere millioner kr. Kraftverket er nå under planlegging og vi må forholde oss til Samnanger kommune underveis i utbyggingsprosessen.

Hvordan vil videre saksbehandling i kommunen bli, hvis inhabile saksbehandlere og folkevalgte fortsatt skal delta og påvirke saksbehandlingen frem mot en eventuell utbygging av Aldalselva kraftverk?

Med vennlig hilsen
Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk



John Haukenes

Se vedlegg side 4

Vedlegg:

2017.05.11 møteinnkalling_kommunestyre
2017.05.02 møteteprotokoll_kontrollutvalet
2016.11.14 møteteprotokoll kontrollutvalget 14 november 2016 - 87360_1_O
2016.11.14 moeteinnkalling_kont_14_november_2016
2016.10.20 moeteprotokoll__ks_29_september_2016
2016.09.01 moeteprotokoll_fo_1_september_2016
2016.09.01 moeteinnkalling_fo_1_september_2016
2016.08.28 E-post - Informasjon til møte i formannskapet den 01.09.2016
 Jordskiftesak Haukanes gnr.23 120020080039rettsbok
 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-3
 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-21-1
 Rødne Samdrift DA Kunngjøringer Brønnøysundregistrene 21.08.2015
 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-4
 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-20-6
 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-1
 2016.06.06 Epost til kontrollutvalget
2016.07.21 Aldalselva kraftverk - vedrørende klage på vedtak (L)(132085)
2016.07.01 Aldalselva kraftverk - vedrørende klage på vedtak (L)(131308)
2016.05.24 Aldalselva kraftverk - anke frå Samnanger kommune på vedtak . NVEs refe...
2016.05.23 moeteprotokoll__val_23._mai_2016
2016.05.12 moeteprotokoll__ks_12_mai_2016
2016.05.02 Oversendelse av vedtak - Aldalselva kraftverk med vedlegg 201104255-42
2010.12.14 Skriv_om_rettar_i_nedslagsfeltet
2010.11.03 Dok. på Samnanger Vassverk Tysse fra Mattilsynet
2003.06.02 Brev fra Øyvind Røen til Knut N. Nordvik ang. 1242-19-3
2002.06.10 SAK 033-02 Vassverk- erstatning - untatt offentlighet – motebokpers



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/131-18
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	31/17	03.10.2017

Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune

Bakgrunn

Kontrollutvalet utarbeida i løpet av 2016 forslag til «Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020». Planen vart sendt til kommunestyret for godkjenning hausten 2016, og kommunestyret handsama saka i møte 15.12.16. Framlegg til vedtak frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke, og det vart fatta slikt vedtak:

1. «Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.»

Drøfting

Når kontrollutvalet skal vurdera bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt, kan utvalet dra veksling på omtale slik det kjem fram i vedteken plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt, jmf. Overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Det er i alt 5 prioriterte og fleire uprioriterte prosjekt. Her er teke med dei 5 prioriterte prosjekta.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt	Tema
1	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvere og personalforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> • rekruttering • kompetanseplanar • system og rutinar • systematisk førebygging av sjukefråvere • oppfølging av plikter etter IA-avtalen
2	Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • organisering og kompetanse • rutinar • regeletterleving
3	Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none"> • tilpassing av den ordinære undervisninga • samhandling mellom PPT og skule • vedtak om spesialundervisning
4	Forvaltningsrevisjon av kvalitetsarbeid og fagleg utvikling innan pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • internkontroll/kvalitetssystem • bruk av teknologi • kompetanseutvikling
5	Forvaltningsrevisjon av økonomistyring	<ul style="list-style-type: none"> • budsjettering • oppfølging • analyse

Kontrollutvalet bør og legge til grunn det som kjem fram i overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020. Her er mellom anna desse spørsmålstillingane reist vedr. det prosjektet som er høgast prioritert:

- Er organisasjonen flink nok til å følgja opp oppgåver knytt til personalforvaltning ?
- Risiko for manglande bemanning / kompetanse i viktige funksjonar ?
- Kommunen er sårbar for sjukefråvær og ligg høgare på måltal i høve til samanliknbare kommunar.

På bakgrunn av den vedtekne planen bør kontrollutvalet drøfta kva prosjekt som no skal setjast i bestilling. Forvaltningsrevisjon av sjukefråvære og personalforvaltning er sett opp som første prosjekt. Ut frå at planen nyleg er vedteken, finn sekretariatet det mest naturleg å gå for det første prosjektet i prioriteringa.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulera problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på, alternativt moment som ein ønskjer skal inngå i forvaltningsrevisjonen.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål og problemstillingar, samt definering og avgrensing av prosjekt elles. Ein bør legge opp til at forslag til prosjektplan kan leverast til neste møte, slik at ein då kan gjera endeleg bestillinga av forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 15.11.17 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151
Arkivnr: 2016/37-45
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	32/17	03.10.2017

Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018

Bakgrunn

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

«Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

I tråd med dette fremjar kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. «Veileder til KOSTRA» skildrar og kva funksjon 110 – kontroll og revisjon, skal dekkja:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunenes kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»

Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Det er og lagt inn ein sum for folkevaldopplæring på Solstrand for heile utvalet i januar 2018.

Om oppgåvene til kontrollutvalet

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.”

”§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er vedteke planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i kommunestyret 15.12.16. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjektarbeid krevja ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Samnanger kommune sin storleik. Kontrollutvalet bør og vurdera å evaluera planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll halvvegs i perioden, og dette bør såleis gjerast i 2018.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med avtale mellom Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune datert 05.01.2010, og skriv av 22.12.2014 om å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierer kommunane dei er sekretariat for. Berekningsgrunnlag er elles snitt tidsbruk siste tre år.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Taldel for forslag til budsjett for kontroll og tilsyn 2018.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2018

Konto	Tekst	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Merknad
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr -	kr 10 000	kr 10 000	
10803	Møtegodtgjering	kr 28 000	kr 50 355	kr 28 000	kr 28 900	Leiarg.gj. kr 15.300,- møtegj. kr. 680,- pr.møte
	Delsum	kr 38 000	kr 50 355	kr 38 000	kr 38 900	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 5 358	kr 7 100	kr 5 358	kr 5 485	
	Delsum	kr 43 358	kr 57 455	kr 43 358	kr 44 385	
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 400	kr 500	kr 500	Kommunerevisoren til leiar
11150	Matvarer/møtemat	kr 1 500	kr 1 410	kr 1 500	kr 1 600	
11400	Kunngjeringar	kr -	kr 422	kr -	kr 500	
11501	Kurs/opplæring	kr 15 000	kr 12 694	kr 15 000	kr 10 000	Fagkonferansar, div. kurs
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	kr 16 000	Oppfølging folkev.opplær. Januar 2018
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr -	kr 5 000	kr 5 000	Reise for kontrollutv.medlemmer
11950	Kontingentar	kr 1 300	kr 1 400	kr 1 300	kr 3 500	Forum for Kontroll og Tilsyn, auka sats for 2018
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 170 100	kr 143 470	kr 155 000	kr 158 255	I tråd med revisjonsavtale, tillegg kons.prisauke
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./s.ktr.	kr 170 201	kr 170 988	kr 250 201	kr 336 930	Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
	Ekstraløyving	kr 50 000	kr -	kr -	kr -	
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 103 000	kr 153 526	kr 133 000	kr 135 000	I tråd med avtale, rekna ut frå gj.snitt 3 siste år
	Delsum	kr 516 601	kr 484 310	kr 561 501	kr 667 285	
14290	Meirverdiavgift	kr 128 400	kr 114 448	kr 128 400	kr 164 811	
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 400	kr -114 448	kr -128 400	kr -164 811	
	Total budsjetttramme	kr 559 959	kr 541 765	kr 604 859	kr 711 670	

PS 33/17 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:

Kap. 4.0

Reglement for kontrollutvalet

4.1 Innleiing

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjera om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommuneloven § 76.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å stå føre det jamlege tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegner, jf. kommuneloven § 77.

Kontrollutvalet er berre ansvarleg overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal driva politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøva politiske prioriteringar gjort av andre folkevalde organ.

4.2 Val

Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar til kontrollutvalet i konstituerande møte, som første sak etter val av formannskapet og ordførar / varaordførar. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer, der minst 2 medlemmer er valde frå kommunestyret sine faste representantar.

Leiaren og nestleiaren i utvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde, medlem av kommunalråd og tilsette i kommunen.

Kommunestyret kan når som helst føreta nyval av medlemmene i utvalet, jf. kommuneloven § 77 pkt. 3.

4.3 Føremål / oppgåver

Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommunen vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand. Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han/ho finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan òg invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg hos rådmannen, jf. kommuneloven § 23.

Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert iverksette og etterlevde.

Saker der det vert gjort endeleg vedtak i kontrollutvalet har sekretariatet for kontrollutvalet ansvar for å følgja opp.

4.3.1 Internkontroll

Kontrollutvalet skal, på grunnlag av rapportar frå revisjonen og eigne vurderingar, sjå til at forvaltinga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt, gje pålegg om at det må gjerast tiltak.

4.3.2 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei vanlege reglane om teieplikt i forvaltningslova.

4.3.3 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet, og sjå til at dette føregår i samsvar med avgjerder som følgjer lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og instruksane til kontrollutvalet eller avtalar med revisor.

Økonomisjefen skal leggja fram ein ferdig avstemt og avslutta årsrekneskap innan 15. februar. Seinast 31. mars skal rådmannen leggja fram årsmeldinga si. Årsmeldinga skal liggja ved rekneskapsaka når denne vert oversend til kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev fråsegn til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gjev tilråding om årsrekneskapen til kommunestyret. Frist for å gje revisjonsmelding er 15. april.

Årsrekneskap og årsmelding skal vedtakast av kommunestyret seinast seks månader etter at rekneskapsåret er avslutta, dvs. 30. juni.

Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i om rekneskapen inneheld vesentlege feil eller manglar.

Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggjast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan - (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

4.3.4 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal, gjennom revisor, kontrollera at økonomien vert forvalta i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, og systematisk vurdere bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangpunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat, og sikra størst mogeleg rettstryggleik for innbyggjarane i kommunen.

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

4.3.5 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf. kommuneloven § 80. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

4.4 Generell instruks

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i pkt. 2.2 – 2.19 og pkt. 2.23 – 2.27 i dette reglementet (reglar for kommunestyret).

4.5 Møte og sakshandsaming

Møta i kontrollutvalet skal haldast som opne møte. Dørene skal likevel stengjast dersom utvalet skal behandla opplysningar som er underlagt teieplikt.

4.5.1 Forebuing / møteinnkalling / sakliste

Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Rådmannen skal ha innkalling med sakliste til orientering (lasta ned digitalt), og møter når han/ho vert kalla inn til møta.

Innkalling og sakliste vert utarbeidd og sendt til ut frå kontrollutvalet sin sekretær. Kommuneadministrasjonen legg desse innkallingane, saklistene og protokollane ut på Folkevaldportalen på www.samnanger.kommune.no slik at medlemmene kan lasta dei ned derfrå.

Møteinnkallingar og sakskart er offentlege, men saker som skal unntakast ålmenta etter lov og forskrifter skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksutgreiing og saksdokument vert haldne unnateke ålmenta fram til utvalet har hatt sakene føre i møtet sitt, og gjort eit vedtak eller sett fram ei innstilling.

Saksdokument som er merka "unnateke offentleg innsyn" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stilling til saka.

4.5.2 Motestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet skal treffa sine vedtak i møte. Det er til vanleg ikkje tillate med fjernmøte og/eller skriftleg handsaming. I særlege tilfelle kan kontrollutvalet ha fjernmøter/telefonmøter når det kjem opp saker som hastar. Det skal sikrast at kunngjering av møte og regelverket for åpne møter vert ivareteke ved slike møter.

Kontrollutvalet kan berre treffa vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette.

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet.

4.5.3 Gild / ugild (habilitet)

Kommuneloven § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det vert spørsmål om eit medlem er ugild, skal ikkje medlemmen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtebordet.

Dersom ein medlem veit at han/ho vil vera ugild, må han/ho melda i frå om dette på førehand, slik at varamedlem kan kallast inn.

4.5.4 Melding frå utvalet

Det skal førast protokoll frå møta.

Utskrift av protokollen skal sendast digitalt med nedlasting til Folkevaldportalen slik at medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan kommunestyremedlemmene kan lasta det ned derifrå. Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, må oversendast ordførar/administrasjon som eigne saker.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

4.5.5 Oppfølging

Når kontrollutvalet har handsama ferdig saker oversende frå revisjonen og gjort vedtak, er det viktig å syta for at dei føringane og råda som kontrollutvalet set fram, vert følgde opp av administrasjonen.

Kontrollutvalet må difor som fast post på sakskartet ha oppfølging av tidlegare saker.

Kontrollutvalet skal og sjå til at postar, disposisjonar og ordningar som ikkje har fått godkjenning, vert følgde opp og ordna.

Kontrollutvalet skal føra tilsyn med dei private tenesteprodusentane som utfører lovpålagde eller andre oppgåver på vegner av kommunen, eller er leverandørar av varer og tenester til kommunen.

4.5.6 Fråsegner

Kontrollutvalet skal gje fråsegn i saker det får seg førelagt. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn. Kontrollutvalet kan gje leiaren fullmakt til å uttala seg på utvalet sine vegner.

4.5.7 Gransking ved avvik og mishald

Utvalet skal sjå til at revisjonen set i verk gransking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking og gransking i samband med mistanke om avvik og mishald.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om avvik og mishald til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

4.6 Andre reglar

4.6.1 Sekretariat

Kommunestyret skal syta for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte og berre underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

4.6.2 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

4.6.3 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal kunna evaluera revisjonsordninga og tilpassa denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

4.6.4 Informasjon

Leiar av kontrollutvalet uttalar seg til pressa og andre på vegner av kontrollutvalet om saker som utvalet har handsama. Som hovudregel vert ikkje saker som er ferdig handsama i utvalet kommenterte, heller ikkje detaljar og innhald frå drøftingane.

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET 15.06.2017

SAKNR. 022/2017: Godkjenning av Kommunerekneskapen 2016

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapen for 2016 vert godkjend slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 2 260 500,94 kroner vert sett av til disposisjonsfondet.

15.06.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 022/2017 Vedtak:

Rekneskapen for 2016 vert godkjend slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 2 260 500,94 kroner vert sett av til disposisjonsfondet.

SAKNR. 023/2017: Årsmelding Samnanger kommune 2016

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2016 vert teken til orientering.

15.06.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Arild Røen(H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Einingane utarbeidar konkrete og målbare tiltak for å få ned sjukefråværet. Oppfølging og rapportering på tiltaka skal leggjast fram for formannskap og kommunestyret kvartalsvis.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber i tillegg om at det vert lagt fram sak om sjukefråværet til kommunestyremøtet 21.09.2017. I saksutgreiinga skal det vurderast eit eige prosjekt om dette jf. AMU sak 008/17.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Arild Røen og Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

KS- 023/2017 Vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2016 vert teken til orientering.

Einingane utarbeidar konkrete og målbare tiltak for å få ned sjukefråværet. Oppfølging og rapportering på tiltaka skal leggjas fram for formannskap og kommunestyret kvartalsvis.

Kommunestyret ber i tillegg om at det vert lagt fram sak om sjukefråværet til kommunestyremøtet 21.09.2017. I saksutgreiinga skal det vurderast eit eige prosjekt om dette jf. AMU sak 008/17.

SAKNR. 024/2017: Føringar økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21**Formannskapet sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune legg til grunn vedlagte føringar for økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21. Det vert sett ein ambisjon på 1,23% netto driftsresultat av driftsinntekter i budsjettarbeidet i 2018, og mål om å styrkje disposisjonsfondet.

Det skal gjennomførast ein kvalitetsdialog med kommunestyret og sektorane for kvalitetsmål og ambisjonsnivå før einingane sin frist for å levera budsjettframlegg, den 7 oktober.

15.06.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 024/2017 Vedtak:

Samnanger kommune legg til grunn vedlagte føringar for økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21. Det vert sett ein ambisjon på 1,23% netto driftsresultat av driftsinntekter i budsjettarbeidet i 2018, og mål om å styrkje disposisjonsfondet.

Det skal gjennomførast ein kvalitetsdialog med kommunestyret og sektorane for kvalitetsmål og ambisjonsnivå før einingane sin frist for å levera budsjettframlegg, den 7. oktober.

SAKNR. 025/2017: Byggerekneskap for Samnangerheimen - uttale frå kontrollutvalet**Formannskapet sitt framlegg til vedtak:**

Byggerekneskapen for Samnangerheimen vert godkjent.

15.06.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 025/2017 Vedtak:

Byggerekneskapen for Samnangerheimen vert godkjent.

SAKNR. 027/2017: Kvalitetsdialog i Samnanger kommune

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å bidra til eit levande og inkluderande lokaldemokrati gjennom kvalitetsdialog mellom politikarar, kommunetilsette, næringsliv, innbyggjarar og andre i politiske prosessar.

Vilkår for kvalitetsdialog:

- Kommunestyre, Formannskap og Naturutval er i utgangspunktet møteeigarar for kvalitetsdialog men andre politiske utval kan også gjere seg nytte av kvalitetsdialog som verktøy.
- Forslag til kva tema som skal takast opp til drøfting gjennom kvalitetsdialog kan vere «kva som helst» og komme som initiativ frå «kven som helst». Dei politiske utvala avgjer kva forslag til tema som skal godkjennast for kvalitetsdialog og kva som skal vere målsetting med kvalitetsdialogen.
- Det er ein ambisjon om at organisasjonen skal vere tverrfagleg representert i kvalitetsdialogmøta. Dei respektive politiske utvala kan invitera eksterne til å delta i kvalitetsdialogmøter.
- For å oppnå dialog med kommunen sine innbyggjarar kan sosiale media takast i bruk.
- Resultat av kvalitetsdialog inngår som underlag for eventuelt vidare sakshandsaming.

Det må undersøkjast i kva grad ein kan hente inn ekstern finansiering av kvalitetsdialog- enten på generelt grunnlag eller til dei konkrete tema.

15.06.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 027/2017 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å bidra til eit levande og inkluderande lokaldemokrati gjennom kvalitetsdialog mellom politikarar, kommunetilsette, næringsliv, innbyggjarar og andre i politiske prosessar.

Vilkår for kvalitetsdialog:

- Kommunestyre, Formannskap og Naturutval er i utgangspunktet møteeigarar for kvalitetsdialog men andre politiske utval kan også gjere seg nytte av kvalitetsdialog som verktøy.
- Forslag til kva tema som skal takast opp til drøfting gjennom kvalitetsdialog kan vere «kva som helst» og komme som initiativ frå «kven som helst». Dei politiske utvala avgjer kva forslag til tema som skal godkjennast for kvalitetsdialog og kva som skal vere målsetting med kvalitetsdialogen.
- Det er ein ambisjon om at organisasjonen skal vere tverrfagleg representert i kvalitetsdialogmøta. Dei respektive politiske utvala kan invitera eksterne til å delta i kvalitetsdialogmøter.
- For å oppnå dialog med kommunen sine innbyggjarar kan sosiale media takast i bruk.
- Resultat av kvalitetsdialog inngår som underlag for eventuelt vidare sakshandsaming.

Det må undersøkjast i kva grad ein kan hente inn ekstern finansiering av kvalitetsdialog- enten på generelt grunnlag eller til dei konkrete tema.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Erdal, Nina	Arkivkode: FE - 200, TI - &14
Arkivsaksnr: 17/259	Løpenr: 17/8185
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.09.2017	032/2017

Finansrapportering pr 2.tertial 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering pr 2.tertial 2017 vert tatt til etterretning.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning, vedtatt 30.juni 2016.

Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Reglement for finans- og gjeldsforvaltning skal vedtakast kvar kommunestyreperiode, oftare ved behov.

Finansplassering

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) er pr august 1,0 % på driftskonto, fondskonto og skattetrekkkonto. Renta i DNB er på 0,1 %.
- Kommunen har sidan 2007 hatt aksjar i Nordisk Areal Invest as. Aksjane vart kjøpt for kr 4 mill. Den siste eigeiendomen i Nordisk Areal as vart selt i 2016 og kommunen har fått tilbakebetalt tidlegare innbetalt kapital med totalt kr 1 076 542,50. Når likninga for 2016 og 2017 er godkjent vil restverdien bli utbetalt til aksjonærane. Den siste utbetalinga er estimert til ca kr 1,3 pr aksje noko som for Samnanger sin del vil utgjere kr 50 891. Endeleg avvikling av selskapet er planlagt å skje i løpet av 2017.
- Pengemarkedsfondet "Pluss-fondet" har ein verdi pr. 31.08.17 på kr 264 755,55 noko som er ein verdioppgang på kr 2 757,79 frå 01.01.17 (1,05 %).

Likviditeten er god.

	31.12.2015		31.12.2016		30.04.2017		31.08.2017	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	9,38	30 %	5,55	33 %	12,30	28 %	8,16	24 %
Innskot i SPV (fondskonto)	20,34	65 %	9,98	60 %	30,08	69 %	25,08	74 %
Innskot i DNB	1,42	5 %	0,84	5 %	0,88	2 %	0,27	1 %
Pengemarknadsfond:								
Plus – fondene	0,26	1 %	0,26	2 %	0,26	1 %	0,26	1 %
Samla kortsiktig likviditet	31,40	100 %	16,63	100 %	43,52	100 %	33,77	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjefond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Aksjer: Nordisk Areal Invest as	1,23	-0,76	0,25	-0,14	0,25	-	0,02	-
kr pr aksje	31,5*		6		6		1,3	
Tidinnskot								

Lån og rentevilkår

- Lånegjelda er pr 31.08.17 på 226,85 millionar kroner.
- 43 % av lånegjelda er med bunde rente. Kravet i finansreglementet er at det skal vera mellom 20 % og 70 % med bunde rente. 2 mindre lån i Husbanken går over på flytande rente frå 01.09.17.
- Styringsrenta som vert fastsett av Norges Bank har stått uendra på 0,5 % sidan 18.03.2016. Neste rentemøte er 21.09.2017. Renta vil mest sannsynleg bli ståande uendra.

	31.12.2015		31.12.2016		30.04.2017		31.08.2017	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	143,12	59 %	123,95	56 %	131,45	57 %	129,05	57 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	100,66	41 %	99,00	44 %	98,03	43 %	97,79	43 %
Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	243,79	100 %	222,96	100 %	229,48	100 %	226,85	100 %
Antall løpende enkeltlån	30		29		30		30	
Største enkeltlån	NOK 48 mll		NOK 48 mll		NOK 47,5 mll		NOK 47,5 mll	
Rentevilkår:								
KLP: flytande	-		-		1,80 %		1,80 %	
fast	1,83 %		1,77 % - 1,83 %		1,77 % - 1,83 %		1,77 % - 1,83 %	
Kommunabanken: flytande	1,66 %		1,80 %		1,80 %		1,65 %	
fast	1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %	
Husbanken: flytande	1,98 %		1,89 %		1,56 %		1,60 %	
fast	1,89 % - 2,66 %		1,9 % - 2,4 %		1,9 % - 2,4 %		1,9 % - 2,66 %	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Erdal, Nina	Arkivkode: FE - 200, TI - &14
Arkivsaksnr: 17/259	Løpenr: 17/8198
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.09.2017	033/2017

Økonomirapportering pr august 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr august 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	700 000	
Auka inntektsutjamning		1 340 251
Konsesjonskraft		100 000
Auka tilskot IMDi		555 000
Auka utgift introduksjonsstønad	600 000	
Auka utgift til livsopphald	160 000	
Utgift til assistent barneskulen	11 000	
Barnevern Bergen kommune	135 000	
Kommuneplan og meirarbeid Børdal	215 965	
Restløyving næringsfondet		215 965
Redusert inntekt barnehagen	90 000	
Auka inntekt sjukeheim avsett til disposisjonsfond		1 500 000
Avsett til disposisjonsfond	1 500 000	
Oppussing post 1, mellombels drift	100 000	
Sekretærstilling stab	60 000	
Forundersøking bedriftshelse	120 000	
Forprosjekt digitalisering, startar delvis opp i 2017		100 000
Integrering turnussystem og løn går ut		133 749
Økonomistyringsgruppa		100 000
Konsulent skule	60 000	
Forventa tilskot		30 000
Leiar samling	35 000	
Forventa tap Rolvsvåg industrihavn as	163 000	
Auka inntekter		20 000
Reduserte utgifter		55 000
Reduserte inntekter oppmåling	200 000	
Investeringsbudsjettet:		
Rehabilitering av kyrkjetårn inkl overføring frå drift	690 000	
Finansiering disposisjonsfond inkl overført frå drift		690 000
Kontrollsum	4 839 965	4 839 965

Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til Kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr. august 2017. Rapporten kjem i tillegg til finansrapporteringa for 2.tertial 2017. Det vert sett på hovudinntektsområde som skatt- og rammeinntekter, konsesjonskraft og eigedomsskatt. Kommunen bruker KS sitt rapporteringsverktøy «bedre styring» til budsjettkontroll og frávær pr. eining. Einingsleiarane rapporterer til sektorleiar og rådmann kvar månad og sektorleiar lagar ei oppsummering som er vedlegg til tertialrapporten. «Bedre styring» brukar raude og grønne lys for enkelt å signalisere korleis situasjonen er og er til hjelp for einingsleiar i rapporteringa. Einingsleiarane må og sjå på rekneskapsdetaljane der det er nødvendig. I tillegg skal einingsleiar kontrollere utbetalt lønn på si eining for å sikre at feil i stillingsprosent, lønn mm vert korrigerert så raskt som mogeleg. Dersom det er avvik (raude lys) må einingsleiar sette i gang tiltak der det er nødvendig. Det har ikkje vore nok tid til å få god oversikt over investeringsprosjekta i denne rapporteringa. Det vil bli gjort til formannskapsmøtet i oktober.

Skatt og rammeinntekter.

Skattevekst er i revidert nasjonalbudsjett 2017 justert ned frå 1,5 % til 1 % i høve til faktisk innkomen skatt i 2016. Hovudårsaka til at skatteveksten er nedjustert er at lønsoppgjeret vart rimelegare enn forventa. Endra skattereglar gjer og at skatteveksten er nedjustert. For eks er minstefrådrag for pensjon auka og reglane for privat pensjonssparing er endra.

8 av 218

Samnanger kommune har fått kompensert kr 62 000 for tapte skatteinntekter. Pr juli var skatteveksten for kommunane samla på 3,9 %, for Samnanger var veksten på 0,7 % og ligg på 94,2 % av landsgjennomsnittet. Samanlikna med revidert budsjett er inntekt frå skatt tom august kr 700 000 lågare enn budsjettet. Pr april var prognosen at kommunen skulle få auka skatteinntekt og budsjettet var oppjustert med kr 470 000. Dette har no snudd seg og kommunen sine skatteinntekter er lågare enn forventa. Fordi kommunen og ligg lågare enn landsgjennomsnittet vert dette kompensert gjennom inntektsutjamning.

Inntektsutjamning er med på å fordela skatteinntektene mellom skattesvake og skattesterke kommunar. Pr juli er det utbetalt 1 mill kroner. Inntektsutjamning er vanskeleg å estimera, men basert på tidlegare års erfaring har me fått ca kr 1,3 mill meir enn i rev.budsjett. Inntektsutjamninga vart pr april justert opp frå 1,7 mill kroner til 2,4 mill kroner. I 2016 fekk kommunen 1,9 mill kroner.

Det er utbetalt kr 3 000 som kompensasjon for tapte inntekter på barnehage som fylgje av at inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehagane er heva. Eit øyremerka tilskot til fleire barnehagelærarar er gjort om til rammetilskot og for Samnanger er summen på kr 75 000. Totalt sett vert rammetilskotet om lag som budsjettet.

Oppsummert skatt- og rammetilskot

Inntekt frå skatt ser no ut til å bli noko lågare enn budsjettet. Det er framleis at to viktige skattemånader som har stor betyding. Inntektsutjamninga er alltid veldig vanskeleg å estimere fordi den er avhengig av skatteinngang i andre kommunar. Prognosane viser meirinntekt på ca 1,3 mill kroner frå inntektsutjamning og lågare inntekter frå skatt på ca 0,7 mill kroner. Me baserer oss på KS sine prognosar saman med eigne erfaringstall når me lagar periodisert budsjett.

Konsesjonskraft

I juni vart budsjettet nedjustert frå 3,3 mill kroner til 2,9 mill kroner. Dette vart gjort med bakgrunn i BKK sine prognoser. Prisutviklinga gjennom sommaren har vore noko betre enn forventa til tross for at denne sommaren ikkje har vore av dei tørraste.

Kommunen sel konsesjonskrafta på 22,3 GWh på spotmarknaden. 40 % av krafta vert selt i perioden januar –april, 30 % i perioden oktober – desember og 30 % i perioden mai - september. Det er fleire element som er med på å påverka prisen, mellom anna hydrologis balanse (fyllingsgrad, snøsmelting mm), temperatur og ver påverkar og prisen og pris på andre energi kjelder som olje og kull, mm. Dersom me for eks. får ein våt haust vil prisane gå nedover. Prognosane viser meirinntekt på ca kr 200 000, men dette er usikre tal og me legg inn inntektsauke på kr 100 000.

Eigedomsskatt

Her har kommunen budsjettet med inntekt på 13,964 mill kroner i rev. budsjett. Inntekta vert som budsjettet. Klagesaker for 2015 og 2016 er ferdighandsama. Det er kome inn ei klagesak i 2017 som etter planen skal handsamast i haust. Alle har høve til å klage på taksten kvart år så lenge det ikkje tidlegare er sendt klage på same forhold. Det er og nye verksemder som skal takserast i haust og nokre bustader som tidlegare år har hatt formuesgrunnlag som no må takserast av kommunen.

Aksjar i Nordisk Areal Invest as

Selskapet selde den siste bygningen i 2016 og har etter det vore gjennom ein avviklingsfase. Selskapet vart vedtatt avvikla på ekstraordinær generalforsamling 16.januar 2017. Det er i

9 av 218

løpet av 2016 og 2017 betalt tilbake tidlegare innbetalt kapital på kr 1 076 542,50. Restverdi er estimert til kr 1,3 pr aksje og dette vil bli utbetalt når likninga for 2016 og 2017 er godkjent. Dette vil venteleg skje i løpet av 2017. Samnanger kommune har hatt 39 147 aksjar i selskapet. Aksjane vart kjøpt for 4 mill kroner.

IMDI (integrerings- og mangfoldsdirektoratet)

Kommunen har i 2017 tatt i mot ytterlegare 3 personar i samband med familiegjenforeining. Dette gir auka tilskot på kr 555 000, men og auka utgifter.

Budsjett for introduksjonsstønad er underbudsjettet og må aukast med kr 600 000. Det er i tillegg betalt ut ekstra stønad til livsopphald i overgangsperioden med kr 160 000. Budsjettet for barneskulen må styrkast med kr 11 000 for å dekke opp auka bruk av assistent i ein periode på tre veker.

Barnevern

Samnanger kommune har inngått avtale med Bergen kommune om barnevern frå sommaren 2016. Kommunen får rapportering pr tertial frå Bergen barneverntjeneste på det som går på økonomi. Denne gongen har me mottatt prognose pr juli. Samnanger kommune har totalt budsjettet med

6 mill kroner i kjøp av tenester frå Bergen kommune i rev.budsjett.

Prognosen pr april viste reduserte utgifter på kr 200 000. Pr juli har me fått informasjon om auka utgifter som er knytt til for lite avsett for å dekke Bufetat faktura frå 2016 og ein faktura frå Barnevernsvakten som var feilført. Totalt sett er det snakk om ca kr 135 000.

Kommuneplan og meirarbeid med arealdelen i Børdalen

Arbeidet med kommuneplanen har vore noko meir arbeidskrevjande enn først antatt. I tillegg er det no kome krav frå Fylkesmannen om at arealdelen i Børdalen ikkje kan leggjast inn utan vidare undersøkingar. Det er vanskeleg å gje ei eksakt vurdering av kva dette vil medføre av ekstraarbeid og kva dei økonomiske konsekvensane blir før fylkesmannen har gitt uttale. Me må rekna med forseinking på minimum 4 mnd og kostnad på mellom kr 100 000 – 500 000.

Det vart i budsjettet løyvd kr 130 000 til arbeidet med ny kommuneplan frå næringsfondet. Frå tidlegare år er det attverande løyvingar frå næringsfondet som ikkje er nytta. Dette er på til saman kr 215 965. Dette er mest sannsynleg ikkje nok til å dekke forventa auka utgifter til arealdel Børdalen. Me må kome tilbake til ytterlegare auka finansiering når me har meir informasjon om kva dette vil koste.

Auka inntekt sjukeheimen, sal av plassar

Sjukeheimen har inngått avtale med Os kommune om sal av 3 sjukeheimplassar ut året og 2 ut november. Sal av plassar og auka inntekter går ikkje gå utover tildeling av plassar til eigne innbyggjarar. Totalt vil dette gje inntekter på til saman 4,7 mill kroner. Dette er 2,2 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Noko av denne auka inntekta vil gå til å dekke tilhøyrande auka utgifter i samband med utleige.

Det er og naturleg å bruke noko av meirinntekta for å få ferdigstilt sjukeheimen med møblar og utstyr mm. Det vert foreslått å sette av kr 1,5 mill til disposisjonsfondet.

Mellombelsdrift Skottabakken

Bebuarane på Skottabakken skal i byggjeperioden bu på post 1 på sjukeheimen. Her er det nødvendig med litt oppussing, mellom anna må kjøkkenet skiftast. Kostnad kjem på ca kr 100 000. Dette er det ikkje er tatt høgde for på teknisk drift sitt budsjett.

Sekretærstilling stab

Det er tilsett sekretær i mellombelsstilling ut september i 80 % stilling. Det er ynskjeleg å forlenga kontrakten ut året. Ei av arbeidsoppgåvene vil vera å få registrert adresser på alle hytter i kommunen. Kostnad pr mnd er på ca kr 40 000. Fordi noko av arbeidet som er gjort i haust er knytt til feiging av hytter, kan noko av kostnaden først her og dette frigjer lønsmidlar som kan nyttast seinare i haust. Totalt sett er det behov for å få styrka lønsbudsjettet med kr 60 000 for å forlenga kontrakten ut desember.

Forundersøking

I økonomirapporteringa pr april vart det informert om at Bedriftshelse1 var leigd inn for å gjennomføra samtalar/ forundersøking knytt til ei sak i ei eining. På det tidspunkt hadde me ikkje informasjon om kva dette kom til å koste. Kostnaden vart langt høgare enn den kostnaden me såg for oss. Totalt sett kom dette på kr 150 000. Det er derfor naudsynt med ei ekstraløyving på kr 120 000.

Prosjekt i stab

Det er to prosjekt i stab som ikkje er starta opp og som det vart løyvd midlar til i 2017. Det gjeld forprosjekt digitalisering kr 151 345 og integrasjon mellom turnus og lønssystem kr 133 749. Digitaliseringsprosjektet håper me å få starta opp i haust, men mesteparten av arbeidet og utgift vil kome i 2018. Prosjektet må først opp på nytt i 2018 og unytta del av løyvinga kan omdisponerast i 2017. Når det gjeld integrasjon mellom turnus og lønssystemet er det ikkje realistisk å få dette gjort i år. Hovudgrunnen er at Shift manager, som er kommunen sitt turnussystem, nyleg har hatt ein oppgradering. Det er svært mykje feil på listene som vert produsert og før dette er under kontroll ynskjer me ikkje automatisk overføring til lønssystemet. Me reknar med at dette vil vera i orden i 2018. Både lønssystemet og turnussystemet må vurderast i denne samanhengen.

Økonomistyringsgruppa

Det vart i budsjett 2017 løyvd kr 100 000 til økonomistyringsgruppa sitt arbeid. Det er ikkje blitt gjennomført arbeid i styringsgruppa som krev ekstraløyving. Noko av midlane er i samråd med ordførar omdisponert til å leiga inn ein konsulent for å arbeide med korleis me skal få utnytta ressursane på skule på best mogeleg måte. Her er det søkt om tilskotsmidlar og me forventar å få dekke ca ½ parten av utgifta. Rådmannen ynskjer å disponere kr 35 000 til leiarsamlingar no i haust.

Rolvsvåg kai

Kommunen leigde fram til 20.09.2012 ut kaiområdet til Rolvsvåg Industrihavn as. Månadleg leigesum var på kr 16 667. Rolvsvåg Industrihavn as har ikkje betalt leige i 2012. Det har vore fleire rundar med selskapet og eit eldre krav var mellom anna sendt til namsmannen før det vart betalt og saka vart heva. Då selskapet ikkje betalte faktura som vart sendt ut i 2012 vart avtala sagt opp.

Kravet vart ikkje sikra før foreldelsesfristen gjekk ut. Dette burde sjølv sagt vore gjort, men me har ikkje tru på at dette hadde endra situasjonen. Rolvsvåg Industrihavn as har ikkje vist vilje til å gjere opp for seg. Selskapet skuldar kommunen kr 163 171,30 som inkluderer renter og gebyr. Det er lite truleg at dei kjem til å betala og det bør settast av midlar til tapsføring. Det har vore meirinntekter på utleige av kai i 2017 som vil vera med på å dekke noko av det forventa tapet. Det har og vore lågare utgifter enn forventa.

Barnehageeininga

Barnehageeininga ligg an til eit meirforbruk. Eininga vil sette i verk tiltak for å kome i mål

med budsjettet. Dei ventar og avklaring frå Nav på tilskot som det er søkt om. Om nødvendig vil me kome tilbake med ny rapportering på barnehageeininga seinare i haust

Reduserte inntekter barnehage

Reglar om redusert foreldrebetaling for låginntektsgrupper og heva inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehagane, gjer at inntekta til barnehagen er for høgt budsjettert. Budsjettet bør styrkast med kr 90 000.

Oppmåling og gebyr

Her er det vesentleg svikt i inntektene. Pr august er det kome inn kr 130 000 av eit budsjett på kr 540 000. Det har vore stor aktivitet på oppmåling både i 2015 og 2016. 2017 har derimot vist seg å vere eit år med mykje mindre etterspørsel etter oppmåling og det er ikkje realistisk å få inn budsjetterte inntekter. Budsjettet må justerast ned med kr 200 000.

Fellesrådet

Fellesrådet fekk i budsjett 2017 løyvd kr 180 000 til å reparera kyrkjetårnet på Ådland kyrkje. Dette har vist seg å bli langt meir omfattande enn det ein var klar over før arbeidet starta opp. Det var ein del roteskade og det var mykje som måtte skiftast og reparerast. Arbeidet er no så omfattande at me meiner det er snakk om rehabilitering og at det kan førast som investering. Kommunen og fellesrådet kan då søke Husbanken om rentekompensasjon for desse utgiftene. Estimert kostnad er på ca kr 690 000. Kr 180 000 er løyvd tidlegare. Ekstraløyving på kr 510 000 er foreslått finansiert med disposisjonsfondet og totalsummen vert ført i investeringsrekneskapen.

Rapport frå bedre styring ligg vedlagt og der ligg sektorleiarane sine kommentarar på økonomi og sjukefråvær.

Oppsummert

Totalt sett ser det ut til at kommunen har budsjett for 2017 under kontroll. Nokre einingar har hatt behov for å få styrka budsjettet. Dette er for det meste dekkja innafor forventa auka inntektsutjamning. Sjukeheimen har hatt meirinntekter på sal av plassar. Kr 1,5 mill vert sett av til disposisjonsfondet. Auka utgift på kr 510 000 til renovering av kyrkjetårnet på Ådland kyrkje er foreslått finansiert med disposisjonsfondet.

REKNESKAPSOVERSYN KONTROLL OG TILSYN PR. 21.08.17

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon (T)	Rekneskap 2016	Rekneskap	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Kommentar
12700	Konsulenttenester	5315	Revisjon	143 470,00	19 160,00	155 000,00		
14290	Betalt mva - kompsensasjon	5315	Revisjon	40 542,50	23 040,00	38 760,00		
17290	Momsrefusjon drift	5315	Revisjon	-	23 040,00	38 760,00		
			Revisjon	143 470,00	19 160,00	155 000,00	-	
10802	Tapt arbeidsforteneste	5315	Kontrollutval	-	-	10 000,00		
10803	Møtegodtgjøring	5315	Kontrollutval	50 355,00	12 410,00	28 000,00		
10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	Kontrollutval	7 100,06	1 749,81	5 358,00		
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	5315	Kontrollutval	400,00	400,00	500,00		
11150	Matvarer	5315	Kontrollutval	1 410,00	767,00	1 500,00		
11400	Kunngjøringar	5315	Kontrollutval	422,40	1 174,40	-		
11501	Kurs/ opplæring	5315	Kontrollutval	12 694,00	-	15 000,00		
11600	Skyss- og kostgodtgjøring	5315	Kontrollutval	-	-	5 000,00		
11950	Kontingentar	5315	Kontrollutval	1 400,00	1 400,00	1 300,00		
12700	Konsulenttenester	5315	Kontrollutval	170 988,00	111 535,00	250 201,00		
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	5315	Kontrollutval	153 525,96	-	133 000,00		
14290	Betalt mva - kompsensasjon	5315	Kontrollutval	73 906,36	28 177,36	89 640,00		
17290	Momsrefusjon drift	5315	Kontrollutval	-	28 177,36	89 640,00		
				398 295,42	129 436,21	449 859,00	-	
			Kontrollutval	541 765,42	148 596,21	604 859,00	-	




Samnanger kommune

-der du vil leva og bu

PROSJEKT STYRING OG PROSJEKTMANUAL

Oppslagverk og malar

for prosjektarbeid i Samnanger





Innholdsliste

1. Strategi for gode og effektive prosjekt	03
2. Definisjonar og roller	03
Avgrensing i høve til fagprosjekt	
Prosjektansvarleg	
Prosjektleder	
Prosjektgruppe	
Styringsgruppe	
Referansegruppe	
Prosjektmandat	
Prosjektplan	
3. Grunnprinsipp for prosjektarbeid	07
Prosjektplan	
4. Mal Prosjektmandat	09
5. Mal prosjektplan - vedlegg	11
6. Mal byggjerekneskap – vedlegg	12



1. Strategi for gode og effektive prosjekt

Prioriterte utviklingsoppgåver og investeringar vil ofte verta gjennomførte som prosjekt. Prosjekt betyr at ein set av ressursar på sida av ordinær drift til å nå bestemte og avgrensa mål . Gjennomføring av prosjekt i Samnanger kommune skal skje gjennom stram styring og prioritering av etablering, organisering og gjennomføring.

Me skil mellom arbeidsoppgåver der det er tenleg å bruka prosjektmetodikk utan å kalla det prosjekt, og prosjekt. Definerer me ei oppgåve som prosjekt må det avklarast;

- ♥ kva mål prosjektet skal ha på kort og lang sikt
- ♥ kven som kan avgjera å setta i gang eit prosjekt, og korleis det skal forankrast
- ♥ kva ressursar som vert stilt til rådvelde for prosjektet (økonomi - personar)
- ♥ kva roller som er knytt til prosjektet
- ♥ milepælar og framdrift
- ♥ når prosjektet skal vera ferdig og resultatet overførast til drift.
- ♥ evaluering av prosjektet, og på sikt evaluering av gevinstane prosjektet skal føre til i drifta.

2. Definisjonar og roller

Me har to hovudtypar prosjekt - utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt.

Dess større og meir komplekse prosjekta er dess meir omfattande prosjektmetodikk vil verta kravd.

Krav til mål- og planprosess, gjennomføring og oppfølging skal reflekterast i tilnærminga.












- ♥ Utviklingsprosjekt
 - Prosjekt som skal utvikla organisasjonen og arbeidsprosessar
 - Som oftast, men ikkje alltid vil slike prosjekt ligga innan den generelle delegeringa til rådmannen om å utvikla organisasjonen, og inngå i normal rapportering frå rådmannen til politisk nivå.
 - Skilja mellom store vs. små prosjekt.
- ♥ Investeringsprosjekt
 - Prosjekt som går på utvikling av fysiske anlegg og som krev løyvingar i kommunen sitt investeringsbudsjett.
 - Desse må ha forankring direkte i politiske vedtak.

Prosjektansvarleg

Prosjektansvarleg har mynde til å avgjera om eit prosjekt skal setjast i gang. Han tek stilling til prosjektplanen.

Dette er rådmannen anten i eigen person eller gjennom delegert fullmakt frå rådmannen. Som hovudregel vil det vera til ein av sektorleiarane.












Rolleomtale for prosjektansvarleg;

-  person med ansvar for at prosjektet når sine målsetjingar og leverer forventa gevinstar.
-  skaffe finansiering til prosjektet og sikra kostnadsbevisst tilnærming til prosjektet.
-  overvaka og styra prosjektet iht målsettingane.
-  halda alle deltakarane ansvarleg for kvalitet.
-  rapportera til leiargruppa ved behov.
-  utnemner prosjektleiinga
-  balansera krava frå alle interesser
-  leia styringsgruppa sine gjennomgangar av viktige milepæler/leveransar.
-  gjera prosjektleiar god.
-  overføra gevinstrealiseringsplan til leiargruppa etter prosjektavslutning.
-  prosjektansvarleg har eit spesielt ansvar for å sjå til prosjektet sine mål er i ht til kommunen sine strategiar og at prosjektet leverer i ht plan.

Prosjektleiar

Denne leiar arbeidet i prosjektet, og har fullmakt til å gjennomføra prosjektet innan vedtekne rammar og fullmakter. Innanfor prosjektet kan det vera leveransar av andre bidragsytarar. Dei skal rapportera til prosjektleiar.



Rolleomtale for prosjektleiar;

-  ansvarleg for den daglege drifta i prosjektet og rapporterer til prosjektansvarleg.
-  ansvar for å halda prosjektet oppdatert på kostnadsutviklinga.
-  utarbeida prosjektplan og versjonsstyra denne.
-  overvaka og styra prosjektet ift målsettingane
-  utarbeida rapportar på status og foreslå endringar.
-  halda løpande kontakt med prosjektansvarleg, særleg når det gjeld usikkerheit knytt til prosjektplanen.
-  halda kontakt og kontrollera evt. eksterne leverandørar.
-  godkjenna leveransar som delprosjektleiarar har ansvaret for.
-  leia og motivera prosjektleiinga
-  ha ansvar for at prosjektet når sine resultatmål
-  styra informasjon og kommunikasjon i ht. plan

Prosjektgruppe

Gruppe som samarbeider om oppgåvene i prosjektet under leiing av prosjektleiar.

Styringsgruppe

-  forum som drøftar mål, framdrift og resultatata i prosjektet.
-  vert leia av prosjektansvarleg.



- ♥ representert av heile eller delar av rådmannen si leiargruppe.
- ♥ leiarar på andre nivå og andre ressurspersonar kan verta peika ut til å sitte i styringsgruppa.
- ♥ ofte naturleg å ha med tillitsvalte i styringsgruppa.
- ♥ prosjektleiar førebur handsaming i styringsgruppa med tema – framdrift, ressursbruk og måloppnåing.
- ♥ styringsgruppa er eit rådgjevande organ. Prosjektansvarleg konkluderer etter at problemstillingane er drøfta i styringsgruppa.

Referansegruppe

Gruppe ressurspersonar som har kunnskap som er viktig for prosjektet. Kan etablerast som eit fast forum eller ad hoc på eit gitt tidspunkt i prosjektet. I nokon grad kan etablerte fora brukast som referansegrupper: eks einings-leiarforum, HTV-møte, møte med verneombod, avdelingsmøte, osv.

Prosjektmandat

- ♥ kort dokument for etablering av prosjektet
- ♥ vert utforma av den som sit med prosjektideen, og som fremmar eit forslag om å etablere prosjektet.
- ♥ vert handsama i rådmannen si leiargruppe
- ♥ innhaldet bør vera ei kort grunngjeving for å sette i gang prosjektet. Konkret utforming av mål og resultat som prosjektet skal føra til.
- ♥ i handsaming av prosjektmandatet vurderer rådmannen om prosjektet skal d
- ♥ settast i gang, og kven som skal utarbeida ein prosjektplan.

Prosjektplan

Planen skal innehalda nøkkelinformasjon for gjennomføring av prosjektet.

Sentral informasjon i prosjektplanen

- ♥ Bakgrunn
- ♥ Mål - det som skal leverast til organisasjonen/brukarane. Gode målformuleringar er ein kritisk suksessfaktor som skal gjera det lettare å følgja opp om prosjektet leverer iht plan og om prosjektet er levedyktig. Målsettingane skal oppdaterast og konkretiserast i ;
 - Hovudmål; skal vera relativt kort, men så presist som mogleg. Kva er det viktigaste prosjektet skal oppnå på eit overordna nivå.
 - Delmål i prosessen – herunder framdriftsplan
 - Resultatmål når prosjektet er overført i drift; konkretiser fleire resultatmål som prosjektet skal levera. Dette gir og grunnlaget for



Samnanger kommune

aktivitetane i prosjektet. Bruk presise korte setningar og listeform. Ver konkret.



Roller og organisering

- Prosjektansvarleg
- Prosjektleder
- Styringsgruppe
- Referansegruppe



Finansiering

- Prosjektet skal ha eit budsjett som får fram dei kostnadane prosjektet representerer.
- Estimat av prosjektlederressursen og –medarbeidarar.



Fasar og milepæl

- Ein milepælformulering består av omtale av tilstanden som skal verta oppnådd og vilkåra for at tilstanden er oppnådd.
- Milepælformuleringa skal vera løysingsnøytral.
- Ein milepæl skal vera kontrollerbar.
- Milepælane skal fungera som kontrollpunkt undervegs i prosjektet fram mot milepælen.
- Eit viktig beslutningspunkt bør vera ein milepæl.
- Tidsspennet mellom milepæl må ikkje vera større enn at framdrifta er kontrollerbar.



Plan for gevinstrealisering

- Ein gevinst-realiseringsplan skal ha fokus på effekt- og gevinstmål og kritiske suksessfaktorar, og vera eit oversiktleg dokument for prosjektansvarleg og styringsgruppa.
- Gevinstrealisering skal bidra til at resultat vert implementerte og dokumenterte både i og etter at prosjektet er gjennomført.
- Gir prosjektet nokon faktisk effekt for kommunen ?
- Var det verdt investeringa?
- Gevinstplanen følgjer prosjektet i prosjektperioden og linjeleiinga etter prosjektavslutning.



Evaluering



Avslutning og implementering i drift



Byggjerekneskap for store investeringsprosjekt.

Alle delar av prosjektplanen er vist i prosjektmalen.

3. Grunnprinsipp for prosjektarbeid

For Samnanger kommune er prosjektarbeid er ein god arbeidsform for utviklingsarbeid som;

- 🛡 skal møta bestemte behov og føra til bestemte resultat.
- 🛡 er ein eingongsoppgåve.
- 🛡 er avgrensa i tid og omfang.
- 🛡 må handtera samansette mål.
- 🛡 må handtera risiko og usikkerheit.
- 🛡 må avgrensast og gjennomførast med avgrensa ressursar og med god styring.
- 🛡 ofte er tverrfaglege og på tvers av avdelingar/einingar
- 🛡 inneber at fleire personar og faggrupper må samarbeida

Eit prosjekt vert berre sett i gang dersom;

- 🛡 det når opp i ein stram vurdering av kva behov som er viktigast å prioritera.
- 🛡 det kan prioriterast ressursar (pengar/personar) til å gjennomføra prosjektet.

Viktige prinsipp

- 🛡 Avgjerd om igangsetting ska skje på overordna nivå.
- 🛡 Grundig jobb med mandat og prosjektplan er avgjerande for eit godt prosjekt.
- 🛡 Prosjektansvarleg er proaktiv i forhold til prosjektleiari med støtte, oppmuntring og rettleiing.
- 🛡 Prosjektansvarleg og prosjektleiari avtalar på førehand kva toleranse ein har i prosessen for prosjektleiari til å tilpassa prosjektet til endra føresetnader.
- 🛡 Avgjersle om endra framdrift og ressursbruk ut over dette vert tekne opp med prosjektansvarleg.
- 🛡 Ha særleg merksemd rundt faseovergangar i prosjektprosessen. Det er i desse faseovergangane at styringsgruppa vert samla for m.a. å forankra endringar i prosjektet.
- 🛡 I samband med avslutning av prosjekt vert det lagt særleg stor vekt på å få fram kva gevinstar som skal realiserast gjennom prosjektet. Desse gevinstane vert oftast synleg når tiltaka vert implementerte i drift. Det må difor lagast ein plan for korleis gevinstane vert følgt opp etter at prosjektet i seg sjølv er avslutta.

Prosjektmar

Det er utarbeidd eit sett med mar til bruk i prosjektarbeidet.

- 🛡 Mal prosjektmandat (vedlegg 1)
Ved første innspel på eit prosjekt bør ein nytte malen; prosjektmandat.
Rådmannen vil då vurdera innspelet og evt be om ein meir utfyllande prosjektplan.



 Mal prosjektplan (vedlegg 2)

- Mal for prosjektplan bør i første omgang innehalda ein utfyllande omtale som vert supplert og verifisert etter kvart. Malen er utforma for å passa både til små, store og meir komplekse prosjekt. Malane kan derfor kortast og forenklast etter behov. Viser til grunnprinsippa ovanfor som skal brukast for alle prosjekt.
- Det skal gå tydleg fram gjennom versjonsstryingskjemaet når det er gjennomført endringar i prosjektplanen, og revidert versjon skal distribuerast til alle involverte.

 Mal byggjerekneskap (vedlegg 3)

- Formålet med å laga byggjerekneskap er at me skal ha ein kortfatta men fullstendig oversikt over prosessen frå vedtak om oppstart av tiltaket til tiltaket er gjennomført. Fokus skal vera på den økonomiske sida av gjennomføringa.
- Det skal utarbeidast byggjerekneskap for alle einskildprosjekt som er ført i kapitalbudsjettet/investeringsprosjekt og som overstig **kr 200.000**. Byggjerekneskap kan også nyttast for større driftstiltak.



4. Mal Prosjektmandat

Vedlegg 1

Prosjektmandat (administrativ/politisk bestilling)		
Prosjektnr <i>(økonomi)</i>	Namn	Saksnr <i>(websak)</i>
Prosjektfase		
Namn oppdragsgjevar;		
Styringsgruppe; <i>namn politisk utval</i>		
<i>eller namn administrativ gruppe</i>		
Prosjektgruppe:		
Andre grupper:		
Bakgrunn og forklaring <i>Referer til vedtak, planar, andre dokument som underbygger oppdraget/prosjektet</i>		
Hovudmål		
Resultatmål <i>Det direkte resultatet av prosjektet (produktet som skal leverast)</i>		



Effektmål <i>Den bruken oppdragsgjevar vil gjere av produktet når dette er ferdigstilt. Kva skal prosjektet oppnå</i>			
Rammer <i>Økonomi/finansiering</i>			Beløp
Avgrensingar <i>Kva inngår/ikkje inngår i prosjektet</i>			
Risiko (viktigaste element identifisering ved oppstart)			
Framdrift <i>Medverknad, Hovudmilepæl, avgjerspunkt</i>			
Endringsoversyn			
Versjon	Dato	Skildring endring	Utført av



5. Mal Prosjektplan

Vedlegg 2

PROSJEKTPLAN


Prosjektnamn:

Prosjekteigar:

Investering- /

Utviklingsprosjektprosjekt:

Dato:





1. Mål og rammer

1.1. Bakgrunn

Bakgrunn og behov

Nasjonale/regionale føringar ?

Kommunale planar/vedtak i kommunen/samarbeidspartar ?

Lokale strategiplanar for tenesta/fagområdet ?

1.2. Organisatoriske rammer

Prosjektet skal gjennomførast i regi avkommune, FK,FM, andre....

1.3. Budsjettmessige rammer

Prosjektet sin økonomiske ramme er kr. Vi søker ... om tilskot på kr. X....

1.4. Mål

Overordna mål (kommuneplan, evt andre planar...nasjonale mål)

Målgruppe – evt. avklare det i forprosjekt

Spesifikke mål for prosjektet skal gje svar på:

a) Kva vil vi oppnå med prosjektet

b) Nå-situasjonen

c) Korleis skal vi oppnå målet.

2. Prosjekt mål

2.1 Overordna mål

Overordna strategiske mål for prosjektet og langsiktig målsetting ?

Er det eit forprosjekt – kva skal vi avklare ?

Vidare beskriv eit bilde av nå situasjonen med omsyn på viktige målgrupper som td. næringsliv, organisasjonar, innbyggjarar, fylkeskommune/regionen, brukarar, tilsette, politikkarar, etc.

Eit forprosjekt skal identifisere konkrete forbetningsområde og klargjøre kommunen sin rolle evt oppgåver i neste fase av prosjektet og resultere i ei positiv utvikling som inkluderer nye mål og ambisjonsnivå. Hovudprosjekt skal realisera målsettinga.



2.2. Kvalitative mål

Kvalitative mål gjennom prosjektet/forstudiet er gjera synleg kva type gevinst vi forventar. Det kan vera økt brukertilfredsheit, utvikling/samarbeid, betre utnytting av kompetanse og ressursar, sikkerheit, infrastruktur, ny teneste, økt evne til omstilling, motivasjon og entusiasme for eit arbeids som skal gjennomførast.

Får det nokon konsekvensar om prosjektet ikkje vert gjennomført ? Er Prosjektet avhengig av andre prosjekt eller oppgåver. Konsekvensar.

2.3. Kvantitative mål

Kvantitative mål for prosjektet kan vera ;

- 1) å definere tydelige mål for Prosjektet i X kommune.
- 2) forankre prosjektet med ein tydeleg omtala prosjektorganisasjon med klar arbeids- og ansvarsfordeling.
- 3) å tydelig omtale kommunen/tenesta sin posisjon/status i dag.

2.4. Tidsrom

Prosjektperioden har

Oppstatsdato:

Sluttdato:

3. Prosjektorganisering

3.1 Ansvarsforhold

Prosjekteigar:

Andre involverte kommunar/fylkeskommune/næringsliv ect:

Prosjektansvarlig:

Styringsgruppe:

Prosjektleder:

3.2. Øvrige roller og bemanning

Det vil bli etablert ei referansegruppe for prosjektet bestående av representantar for td. næringsliv, lag og organisasjonar og kommunen, evt. Tilsette/tillitsvalt, VO, brukarar innanfor tenesteområde. Referansegruppa inngår i den totale prosjektorganiseringa for utvikling/rullering av ? kommune sitt planverk.

I tverretatlege prosjekt kan prosjektleder oppretta ei eiga prosjektgruppe på leiarnivå for å fordela og delegere ulike oppgåver.



4. Omfang og tiltak

Tiltak 1, Kick-Off	
Bakgrunn:	
Tiltak:	
Prosjektleiing	
Ressursar:	
Tidsrom:	

Tiltak 2, Prosjektleiar	
Bakgrunn:	
Tiltak:	
Prosjektleiing	
Ressursar:	
Tidsrom:	

Tiltak 3, Informasjonstiltak	
Bakgrunn:	
Tiltak:	
Prosjektleiing	
Ressursar:	
Tidsrom:	

Tiltak 4, Møte i styringsgruppa	
Bakgrunn:	
Tiltak:	
Prosjektleiing	
Ressursar:	
Tidsrom:	

**5. Beslutningstidspunkt og oppfølging****Aktivitetar 2016**

(oftast relevant for forprosjekt/forstudiar)

Døme;

2011	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Motivasjonsmøte			10									
Kick-off				22								
Møter i referansegruppa					x	x		x	x			
Sluttrapport forprosjekt/prosjekt									30			

Aktivitetar økonomiplan perioden 2011-2014

(oftast relevant for hovudprosjekt)

Døme

Hovudprosjekt	År			
	2011	2012	2013	2014
1. Investeringskostnader				
1.1 Prosjekt- og planleggingskostnader				
Utstyr/materiell i prosjektarbeid	0	0	0	0
Reiser og møte	0	0	0	0
Eksterne konsulentar	0	0	0	0
Vikarkostnader	0	0	0	0
Frikjøp av ressursar	0	0	0	0
1.2 Innkjøpskostnader	0	0	0	0
1.3 Integrasjons/tilpassing/utviklingskostnader	0	0	0	0
1.4 Implementeringskostnader				
Kostnader til installasjon og tilpasning	0	0	0	0
Opplærings- og kompetansekostnader (internt og brukarar)	0	0	0	0
Migrering/konvertering	0	0	0	0
Utfasing av gammel løsnig	0	0	0	0
1.5 Andre investeringskostnader	0	0	0	0
TOT 1. Investeringskostnader	0	0	0	0
2. Driftskonsekvenser				
2.1 Drifts- og vedlikeholdskostnader				
Vedlikehold og evt support lisenser	0	0	0	0
Vedlikehold og evt support maskinvare	0	0	0	0
Nytt sytem, Systemadministrasjon	0	0	0	0
Stillingsauke	0	0	0	0
Årlige opplæringskostnader	0	0	0	0
2.2 Andre driftskostnader	0	0	0	0
TOT 2. Driftskonsekvensar	0	0	0	0



6. Risikoanalyse

6.1 Kritiske suksessfaktorar

Følgjande kritiske suksessfaktorar er identifisert:

- a) Aktiv deltaking frå administrativ- og politisk leiing i kommunen, samt frå næringsliv og organisasjonar
- b) Forankring hos alle interessegrupper i kommunen
- c) Lokalt eigd og dreve prosjekt

7. Kvalitetssikring

7.1. Organisering av kvalitetssikring

Kvalitetssikring av alle prosjektaktivitetar vert gjort gjennom utarbeiding av ein detaljert prosjektplan som tek omsyn til alle beslutningspunkt, oppfølgingspunkt, milepælar og kritiske suksessfaktorar. PLP metodikk vil bli nytta.

7.2. Kvalitetssikring av kritiske suksessfaktorar

- a) For å sikre aktiv deltaking frå politisk og administrativ leiing i kommunen og frå næringsliv og organisasjonar vil prosjektet involvere ordførar/rådmann og representantar frå td. næringsliv og lag/foreiningar i prosjektet sin /prosjekt-/referansegruppe.
- b) Forankring hos alle interessegrupper i kommunen sikres ved at disse blir informert om prosjektet i relevante kanalar og på eigna arenaer (oppsøkande verksemd)
- c) For sikre lokal kompetanseutvikling innan prosjektet sitt tema er det pekt ut ein lokal prosjektleiar som gradvis skal kunne leie hovudprosjektet og følgje opp dette vidare på eigen hand

8. Ressursplan

8.1 Kostnadsbudsjett

Tiltak - forprosjekt	kr	Andel
Kick-off	20 000	8 %
Prosjektleiar	90 000	34 %
Informasjonstiltak	20 000	8 %
Møte i referansegruppa	10 000	4 %
Xx tiltak	125 000	46 %
SUM	265 000	100 %
Tiltak - Hovudprosjekt	kr	Andel
Prosjekt og planleggingskostnadar	1 000 000	%
Innkjøpskostnadar	500 000	
Integrasjon/tilpassingskostnadar	150 000	
Implementeringskostnadar	500 000	
Andre investeringskostnadar	0	
Drifts og vedlikehaldskostnadar	600 000	
Andre driftskostnadar	100 000	
Xx tiltak	0	
SUM	2 850 000	%



8.2. Finansieringsplan

Finansieringskjelde	kr	Andel
Samnanger kommune	132 500	50 %
Innovasjon Norge	132 500	50 %
Fylkeskommunen		
Private		
SUM		

9. Kontraktar og avtaler

Det vil bli inngått forpliktande avtale mellom ? kommune og ? for

10. Gevinst og implementering

Kva gevinst ønskjer vi og kva skal vi dokumentera.
Kva faktiske effekt har vi fått ?

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av

Distribusjon av kvalitetssikring

Versjon	Dato	Distribuert til	Utført av



6. Mal byggjerekneskap

Vedlegg 3

 SAMNANGER KOMMUNE	Godkjent dato
	13.08.15
	Tone Ramsli
Prosedyre for byggjerekneskap	

1. FORMÅL

Formålet med å laga byggjerekneskap er at me skal ha ein kortfatta men fullstendig oversikt over prosessen frå vedtak om oppstart av tiltaket til tiltaket er gjennomført. Fokus skal vera på den økonomiske sida av gjennomføringa.

2. BRUKSOMRÅDE

Det skal utarbeidast byggjerekneskap for alle einskildprosjekt som er ført i kapitalbudsjettet og som overstig **kr 200.000**. Byggjerekneskap kan også nyttast for større driftstiltak.

3. ANSVAR

Leiar av teknisk eining avgjer om det skal førast byggjerekneskap for tiltak innan ansvarsområdet sitt, rådmannen tek avgjerd for tiltak utanføre dette ansvarsområde. Sakshandsamar og/eller prosjektansvarleg ser til at rutinen vert følgt.

4. PPROSEDYRE FOR HANDSAMING

Byggjerekneskapen skal utan opphald leggjast fram for politisk handsaming i formannskap og kommunestyret.

5. SKILDRING

Utforming av byggjerekneskapen følgjer som vedlegg til denne prosedyren. Dokumenta skal under gjennomføringsfasen samlast fortløpande i perm hjå prosjektansvarleg/ sakshandsamar.

6. DISTRIBUSJON

Prosedyren finnast i reglementspermen saman med økonomi- og finansreglementa.



SAMNANGER KOMMUNE

-der du vil leva og bu -



BYGGJEREKNESKAP

FOR

<tittel>



Byggjerekneskap – mal for Samnanger kommune

Alle prosjekt som er ført i investeringsrekneskapen og har ein kostnad på **kr 200.000** skal ha eit eige byggjerekneskap. For større eingongstiltak i driftsrekneskapen skal det vurderast om det er føremålstenleg å ha byggjerekneskap.

Kvart tiltak vil få eit eige prosjektnummer i rekneskapssystemet.

Alle prosjekt der det skal førast byggjerekneskap skal ha ein **prosjektansvarleg**. Han er ansvarleg for at det vert ført fortløpande byggjerekneskap. Han er også ansvarleg for at det vert rapport fortløpande til rådmannen. Det vert utarbeidd eigen mal for fortløpande rapportering, og denne er bygd opp etter same prinsipp som byggjerekneskapen.

Innhald – struktur

1. Skildring av tiltaket

Her skal det gjerast greie for prosjektet, bakgrunnen for det og kva ein vil oppnå med tiltaket. Det kan evt. visast til kommunale planar, sentrale føringar m.m

2. Vedtak om oppstart og endringar

Her kan det vera fleire vedtak. Forankring av prosjektet finn me også fleire stader – i planar, i økonomiplan og budsjett og i eige vedtak. Alt skal omtalast, men det er sjølve vedtaket med finansiering som bør vera med som vedlegg.

Det vil også skje vedtak om endringar i planane for tiltaket og finansiering. Desse vedtaka skal også med både i tekst og vedlegg.

3. Organisering av prosjektet

Ansvarleg for prosjektet – prosjekteigar, prosjektleiar, byggjeleiar/byggherreombod, styringsgruppe og evt. andre grupper, mandat

4. Framdriftsplan

Ved planlegging og seinast i samband med vedtak om igangsetting skal det lagast ein framdriftsplan for prosjektet. Detaljeringsgraden kan vera ulik for ulike prosjekt, men som minimum skal det vera ein dato for ferdigstilling. Milepælar bør settast inn. Endringar i framdrifta vil vera grunnlag for rapportering.

5. Økonomisk oversyn

Dette oversynet skal skje gjennom å nytta tabellar.

A	B Budsjett/ kalkyle	C Revidert budsj	D Kontrakt	E Rekneskap	F Merknad til avvik
Total prosj					
Og evt. fordelt på fleire delprosjekt					



Samnanger kommune

A – Her bør det vera ei linje for heile prosjektet. For dei fleste prosjekta vil det vera aktuelt å dela prosjektet inn i fleire faser/delar. Denne tabellen vil vera avhengig av korleis me har fått inn prisar.

A
Planlegging
Prosjektering
Total entreprise
Evt. grunn og betong
Eletrisk
VVA
Byggfag
Uteområde
Innreiing
Utstyr
etc

B , C og E - Budsjett/kalkyle er det som ligg til grunn ved vedtaket om oppstart, dvs. det som er løyvd og det som er ført i rekneskapen. Me bør i tillegg ha med ein eigen tabell som viser finansiering.

Finansieringskjelde	Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap
Kapitalfond			
Lån			
Næringsfond			
Momsrefusjon			
Driftsmidler			
Tilskot – private, fylkeskommune, stat m.m			
Etc			

Oppsplittinga i tabellen vil sjølvsagt skje ut frå korleis innkome tilbod er spesifisert. Det er viktig at rekningane som kjem er delt opp i samsvar med tilbodet. Dersom budsjettet vert korrigert mange gonger i løpet av prosessen, må det lagast fleire kolonnar. I utgangspunktet vil endringar i budsjett her relatere seg til politiske vedtak, men det kan også tenkast at administrasjonen har fatta vedtak. Slike vedtak vil som oftast vera gjort innanføre gitt ramme, dvs. ombudsjettering mellom dei ulike postane, men det kan også tenkast at ramma vert utvida t.d. pga. at det kjem inn tilskot. Alle vedtak som vert gjort skal vera vedlegg til byggjerekneskapen. For å få desse inn skal det brukast fotnotar til tabellen.

D – Kontrakt. Summane her skal samsvara med det som det vert inngått avtale på. For prosjekt der ein inngår avtale om timepris, vil det mest alltid vera snakk om eit stipulert timeforbruk. Dette må omtalast på ein særleg måte.

I så godt som alle prosjekt vil ein undervegs gjera avtala – på byggjemøte t.d. - om ekstra arbeid og endra løysingar. Dette må inn i tabellen. Ved få endringar, kan det takast med under merknad. Alternativt kan me ha med ei eigen tabell om dette.



	Tilbod/kontrakt	Endringar	Merknad til endring
Planlegging			
Prosjektering			
Total entreprise			
Evt. grunn og betong			
Eletrisk			
VVA			
Byggfag			
Uteområde			
Innreiing			
Utstyr			
etc			

F – Under merknader skriv ein inn forklaring til avvik. Dette skal også skje som fotnotar under tabellen. Det er svært viktig å ha med vedlegg. Desse må merkast med same nr. som fotnoten.

6. Skildring av gjennomføring av prosjektet.

Her vil det vera aktuelt å gå igjennom prosessen. Skildra evt. tilhøve som var uventa – både positive og negative. Og gi utfyllande merknader til evt. avvikande val av løysing.

7. Måloppnåing

Her trekk me linjene tilbake til føremålet med prosjektet. Kva har me oppnådd med prosjektet og er det i samsvar med det som var oppsett mål.

8. Avsluttande merknader

Her kan det vera aktuelt å seia noko om driftsmessige konsekvensar av prosjektet. Litt avhengig av type prosjekt kan fylgjande tema vera aktuelt å koma inn på

- Driftsmessige konsekvensar –endra utgifter til reinhald, straum, tilsette etc. Større eller mindre.
- Framtidig vedlikehald – dette er viktig både for bygningar og for anlegg.

Dersom dette er eit delprosjekt, må det seiast noko om det totale prosjektet.

9. Vedlegg

Utlysing og kontrakt kan vera aktuelt å leggja med.

Hovudvedtak om igangsetting

Bilde – desse kan både vera som vedlegg og som del av byggjerekneskapen.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-12
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	34/17	03.10.2017

Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 11.05.17, 15.06.17 og 20.09.17
- Formannskapet 01.06.17 og 07.09.17
- Naturutvalet 24.08.17 og 12.09.17

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 35/17 Eventuelt